



Utval:	Råd for personar med funksjonsnedsetting
Møtestad:	Stordal
Dato:	19.01.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 11:00

Medlemmer:	Parti
Anna Margrethe Drægebø Moe	
Ingrid Løset	
Jostein Dalen	

Ikkje møtt:	Parti
Alf Ivar Eliassen	AP
Stig Eivin Meisal	Sp

Forfall:	
Elin Tafjord Skoge	SV

Vara:	Parti
Annette Langdal	Sp

Jostein Dalen
leiar

Siv Krokfoss
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møtebok
002/26	Orienteringssaker
001/26	Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning
003/26	Møteplan 2026 - Råd for personar med funksjonsnedsetting

I tillegg vart to saker som skal opp i formannskapet 22.01.26 diskutert:

Sak 003/26 Tilvisningsbustader i Fjord kommune

Råd for personar med funksjonsnedsetting er eit rådgjevande organ i Fjord kommune. Difor meiner vi at saka skulle ha vore i rådet før det vart sendt til formannskapet. RFUN støttar forslaget i saka og ber om eit møte for å få meir informasjon om vidare framdrift.

Sak 005/26 Mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar.

Råd for personar med funksjonsnedsetting er eit rådgjevande organ i Fjord kommune. Difor meiner viat saka skulle ha vore i rådet før politisk behandling. Vår uttale er at det er veldig bra at ansvarslinjene i Fjord kommune vert tydeleggjort. RFUN støttar forslaget i saka og ber om eit møte for å få meir informasjon om vidare framdrift.

Uttale frå RFUN er sendt over til formannskapsmøte 22.01.2026.

001/26: Godkjenning av møtebok**Kommunedirektøren si innstilling:**

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 19.01.2026:**Behandling:**

Vedtaket om økonomiplan var fletta inn i dokumentet til kommunemøte 11.12.2025, men var ikkje med på protokollen til RFUN frå møte. Ordlyden på vedtaket til Økonomiplan 2027-2029 frå vart lest opp og var slik:

RFUN- 025/25 Vedtak:

RFUN ser at i budsjettforslaget er det stor skildnad på løyvingane til dei tre lovfesta råda eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsette funksjonsevner. Det er ikkje grunngjeving for skildnaden. Vi vurderer råda som likestilte, og at dei bør ha same økonomiske rammer å arbeide innanfor. Såleis ber vi om at dei vert likestilte ved at dei tre løyvingane kr 47.146 + kr 44.065 + kr 22.088 = kr 113.299 vert delt likt på dei tre råda. Slik får kvart råd kr 37.766 til å bruke på arbeidet sitt. Vi ber om at tilsvarende beløp også vert innarbeidd i økonomiplanen.

RFUN ser positivt på at MOT og LOS har fått løyvingar, men er usikre på om det er avsett kulturmidlar. Vi oppmodar sterkt om at det vert avsett kulturmidlar i budsjettet.

Det er vanskeleg å ta stilling til hovedområdet 3 Helse Omsorg og Velferd, tenesteområdet «Fjord Habilitering» då det ikkje kjem fram korleis ein har kome fram til 37,35 årsverk i 2026, ein reduksjon på 3,35 årsverk i forhold til 2025. Vi ønskjer ei tilbakemelding om nemnde reduksjon.

RFUN etterspør tilbakemelding frå kommunestyret ang. innspel til budsjettforslaget.

RFUN- 001/26 Vedtak:

Møtebok frå førre møte vert godkjent og RFUN etterspør tilbakemelding frå kommunestyret ang. innspel til budsjettforslaget som vart sendt inn frå RFUN.

002/26: Orienteringssaker**Kommunedirektøren si innstilling:**

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 19.01.2026:**Behandling:**

Høyringa var drøfta og diskutert.

RFUN- 002/26 Vedtak:

Orienteringssak om TT-ordning vart tatt til vitande og RFUN sender inn høyringssvar til Møre og Romsdal fylkeskommune

001/26: Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning

Råd for personar med funksjonsnedsetting 19.01.2026:

Behandling:

Høyring ang. TT-kort var drøfta og diskutert.

Fylkeskommunen vurderer tre alternative modellar for godkjenning og klagebehandling:

- Kommunal godkjenning (dagens modell)
- Kombinert godkjenning (kommunal førstegodkjenning, sentral nemd for komplekse saker)
- Fylkeskommunal godkjenning (alle søknader behandlast av fylkeskommunen)

Råd for personar med funksjonsnedsetting i Fjord kommune meiner at dagens modell - kommunal godkjenning - er mest føremålstenleg. Dette fordi det vert mindre byråkrati og meir nærheit mellom sakshandsamar og brukar. Samstundes vil lokalkunnskap være til stor nytte.

Fylkestinget har vedtatt å fjerne skiljet mellom M1 (bor under 10 km frå kommunesenter) og M2 (bor over 10 km frå kommunesenter).

Det er foreslått å ha to grupper M1: Fylkeskommunal TT-ordning og M5: Statleg TT-ordning (blinde, svaksynte, rullestolbrukarar).

Råd for personar med funksjonsnedsetting i Fjord kommune støttar forslaget.

Fylkestinget har bedt om at satsane i TT-ordninga blir auka. Det er foreslått å gi alle brukarar i den fylkeskommunale ordninga lik sats, uavhengig av bustad i høve til kommunesenteret.

Råd for personar med funksjonsnedsetting i Fjord kommune meiner at satsen bør være kr 3500 og at eit realistisk tal for ordninga er 3000 brukarar.

RFUN- 001/26 Vedtak:

Råd for personar med funksjonsnedsetting i Fjord kommune meiner at dagens modell - kommunal godkjenning - er mest føremålstenleg. Dette fordi det vert mindre byråkrati og meir nærheit mellom sakshandsamar og brukar. Samstundes vil lokalkunnskap være til stor nytte.

Råd for personar med funksjonsnedsetting i Fjord kommune støttar forslaget om å fjerne skiljet mellom M1 og M2, samt at det ver to grupper M1 og M5.

Råd for personar med funksjonsnedsetting i Fjord kommune meiner at satsen bør være kr 3500 og at eit realistisk tal for ordninga er 3000 brukarar.

Høyring om organisering og innhald i TT-ordning vart tatt til vitande og RFUN sender inn høyringssvar til Møre og Romsdal fylkeskommune

003/26: Møteplan 2026 - Råd for personar med funksjonsnedsetting

Oversikt over datoer for møte i formannskap og kommunestyre 2026

Formannskap	Kommunestyre
22. januar	5. februar
26. februar	12. mars
26. mars	16. april
30. april	21. mai
4. juni	18. juni
27. august	17. september
15. oktober	29. oktober
19. november	10. desember

Råd for personar med funksjonsnedsetting 19.01.2026:

Behandling:

Møteplan for RFUN 2026 vart drøfta og vedtatt.

23. februar
23. mars
27. april
1. juni
24. august
12. oktober
16. november

Alle møta i RFUN vert avholdt på kommunehuset i Stordal frå kl. 09:00

RFUN- 003/26 Vedtak:

Møteplan for RFUN 2026 vart vedtatt.

23. februar
23. mars
27. april
1. juni
24. august
12. oktober
16. november

Alle møta i RFUN vert avholdt på kommunehuset i Stordal frå kl. 09:00